

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 100/2001
av 13. juli 2001

om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridomma

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla «avtala», særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bak grunn:

- 1) Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 84/2000 av 2. oktober 2000⁽¹⁾.
- 2) EFTA-statane i EØS tek i dag del i fleire program på området folkehelse som går ut i 2000 og 2001, og det er uvisst om det vil verte sett i kraft eit europeisk fellesskapsprogram som skal etterfølgje desse programma.
- 3) Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 521/2001/EF av 26. februar 2001 om lenging og endring av visse fellesskapshandlingsprogram i samband med innsatsen for folkehelsa, som vart vedtekne ved avgjerd nr. 645/96/EF, nr. 646/96/EF, nr. 647/96/EF, nr. 102/97/EF, nr. 1400/97/EF og nr. 1296/1999/EF⁽²⁾.
- 4) Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå januar 2001 med omsyn til avgjerd nr. 645/96/EF⁽³⁾, nr. 646/96/EF⁽⁴⁾, nr. 647/96/EF⁽⁵⁾ og nr. 102/97/EF⁽⁶⁾, og frå januar 2002 med omsyn til avgjerd nr. 1400/97/EF⁽⁷⁾ og nr. 1296/1999/EF⁽⁸⁾, og i alle høve fram til 31. desember 2002 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

⁽¹⁾ TEF L 315 av 14.12.2000, s. 30, og EØS-tillegget til TEF nr. 59 av 14.12.2000, s. 24.

⁽²⁾ TEF L 79 av 17.3.2001, s. 1.

⁽³⁾ TEF L 95 av 16.4.1996, s. 1.

⁽⁴⁾ TEF L 95 av 16.4.1996, s. 9.

⁽⁵⁾ TEF L 95 av 16.4.1996, s. 16.

⁽⁶⁾ TEF L 19 av 22.1.1997, s. 25.

⁽⁷⁾ TEF L 193 av 22.7.1997, s. 1.

⁽⁸⁾ TEF L 155 av 22.6.1999, s. 7.

Artikkel 1

I protokoll 31 til avtala skal følgjande leggjast til i artikkel 16 nr. 1 strekpunkt 1, 2, 3, 4, 5 og 8:

« endra ved:

- **32001 D 0521:** Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 521/2001/EF av 26. februar 2001 om lenging og endring av visse fællesskapshandlingsprogram i samband med innsatsen for folkehelsa, som vart vedtekne ved avgjerd nr. 645/96/EF, nr. 646/96/EF, nr. 647/96/EF, nr. 102/97/EF, nr. 1400/97/EF og nr. 1296/1999/EF (TEF L 79 av 17.3.2001, s. 1).»

Artikkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde 14. juli 2001, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*).

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2001.

Artikkel 3

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fællesskapa*.

Utfërda i Brussel, 13. juli 2001.

For EØS-komiteen
Formann

E. Bull

Sekretærer for EØS-komiteen

P.K. Mannes

M. Brinkmann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.